

Taule 16.08.2017

## **Søknad om støtte til Landbruksdagen på Austrheim**

Me vil med dette søkje om støtte til Landbruksdagen på Austrheim som er den 6 oktober 2017 mellom klokka 09 og 16, dette er den 10. landbruksdagen i rekkja.

Ein del av landbruksdagen er kåring av værslam av alle raser, og i fjor var dette det største kåringssjået i landet med 311 framstilte værslam frå kommunane Radøy, Austrheim og Meland.

Det vert også framstilt andre dyreslag, landbruksmaskiner/redskaper. Dette er ein god plass for landbruket til å visa seg fram på ein positiv måte ovanfor forbrukarar/ publikum.

Arrangementet er eit familiearrangement, der me legg vekt på å holde eit lågt prisnivå, og det viser frammøtet, mykje barn/unge(framtida) og i fjor var det ca 2000 besøkjande. Mange unge er med på avviklinga av arrangementet, og me ser på det som ein god anledning å rekrutere unge til næringa.

Det er mange timer dugnad for å få dette til å gå i hop, i tillegg lyt me ty til noko innleigd hjelp, transport. Me er difor avhengig av støtte for å kunne halde fram på lik linje som i dag

Me vil difor be om kr 7500,- i støtte, som er det same beløpet me fekk i fjor.

Håper på eit positivt svar

For Radøy Sau og Geit

Kåre Hole